

Kor mange butikkar er det i Uskedalen ?

22.03.2018



Gruppe 1 svara på spørsmålet om det høgaste fjellet i Uskedalen. F.v.: Jonas Tofte Guddal, Linnea Enes og Ann Cecilie Yri.

Kor mange butikkar er det i Uskedalen ? Det var eit av 9 spørsmål fadrane og skulekameratane på Uskedal skule måtte finna ut av i dag på natur- og kulturstien i sentrum. Gruppene brukte mykje tid på dette spørsmålet, for kva er ein butikk. Er frisørsalongen Zakk ein butikk sidan dei sel hår- og hudprodukt. Kva med Friheim gardsmat og Elins Matgleder ?

Uskedalen.no fekk vera med tre grupper på den såkalla Strandavegen, frå SPAR til Neset. Det var stort engasjement og fadrane synte ansvar og tok Skulekameratane med i oppgåveløysinga.



Gruppe 2 prøver å finna fram til om kor gammal du når du byrjar på skulen. F.v.: Elvira Haugland Bondhus, Nelly Borgen Hermansen og Elida Kaldestad Saghaug.

Kva fjell er det høgaste i Uskedalen ? Elevane fekk tre alternative svar, men når ei av gruppene ville svara Skorpefjellet, måtte ein tidlegare lærar og rektor blanda seg inn med rettleiing fram til det rette svaret.

Kulturløypa i dag er eit av fleire gode tiltak i overgangen barnehage/ skule. Fadrane er elevar i 4. klasse. Skulekameraten er dei eldste i barnehagen, dei som skal byrja på skulen i år. Spørsmåla var laga med tanke på å gjera seg kjende med bygda og skulen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Gruppe 3 jobba med svaret på kor mange butikkar det er i Uskedalen. F.v.: Linnea M. Ripel, Erle Marie Korsvold og Malene Myhre Olsen